

# *fjellsport*

FESTIVALEN **2023**



## TRYGGLEIKSDOKUMENT

## Innhald

Innleiing	s. 3
Om Sogndal fjellsport AS	s. 3
Fjellsportfestivalen	s. 4
Samarbeidsaktørar	s. 7
Beredskapsplan Fjellsportfestivalen 2023	s. 10
Varslingsplan Fjellsportfestivalen 2023	s. 12
Varslings- og ressurslister	s. 13
Risiko- og sårbarheitsanalyse	s. 15

## Innleiing

I dette dokumentet skisserast tryggleiksarbeidet i forbindelse med Fjellsportfestivalen 2023.

Det overordna målet for Fjellsportfestivalen 2023 er at alle arrangement i tilknytning til festivalen vert gjennomført innanfor så trygge rammar som mogleg for alle involverte. Det vil seie 0 døde og 0 skadde. Dette målet skal nåast gjennom grundig planlegging og førebyggjande arbeid.

Tryggleiksdokumentet skal gjerast kjent for alle arrangementsansvarlege og publiserast på festivalen sin heimeside. Det skal gjennomførast eit fellesmøte for alle frivillige før festivalen kvar hovudpunkta frå tryggleiksdokumentet vert presentert.

## Om Sogndal Fjellsport AS

Sogndal Fjellsport AS er hovudarrangør av Fjellsportfestivalen 2023. Styreleiar i Sogndal Fjellsport AS er Ida Loftesnes Kvåle (e-post: [idalokv@gmail.com](mailto:idalokv@gmail.com), tlf. 952 92 759).

Festivalen har ein eigen organisasjonsstruktur leia av festivalsjef og dagleg leiar for Sogndal fjellsport AS Kamilla Marifjæren ([daglegleiar@fjellsportfestivalen.no](mailto:daglegleiar@fjellsportfestivalen.no) tlf. 975 79 347). Kamilla har hovudansvaret for at målsettingane for tryggleik vert gjennomført og at det vert lagd rutinar for arbeidet. Systematikk for tryggleiksarbeidet og dette dokumentet er godkjent av styreleiar i Sogndal Fjellsport AS.

Sogndal Fjellsport AS har u ein tryggleiksrådgjevar, Mari Severinsen ([mari-severinsen@hotmail.com](mailto:mari-severinsen@hotmail.com), tlf. 917 16 679). Mari bidreg med tryggleiksarbeidet under planlegginga og gjennomføringa av festivalen.

Arrangementet har mange sjølvstendige samarbeidspartar. Merksemnda på tryggleik, målsettingar og krav til festivalen sine aktivitetar er orientert om og forankra i samarbeidsavtalar. Festivalsjef har formidla tryggleiksdokumentet til relevante samarbeidspartar.

## Fjellsportfestivalen 2023

### Festivalens overordna tryggleiksarbeid

Fjellsportfestivalen har gjennom all planlegging og gjennomføring særleg merksemd på tryggleik. Festivalen har ferdsel i bratt vinterterreng som hovudaktivitet. Fleire av delarrangement har risiko knytt til seg og det er difor viktig å ha eit tryggleiksarbeid som er tilpassa og bidreg til å redusere risikoen for uønskete hendingar.

Målsettinga for Fjellsportfestivalen er at aktivitetane skal arrangerast i så trygger rammar som mogleg for alle involverte. Konkret vil dette seie at festivalen har **ein målsetting om ingen personskadar**, medan **akseptabelt risikonivå er sett til ingen alvorlege personskadar**.

Det er sett krav til at det skal gjennomførast ein analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyser) knytt til alle arrangement som vert arrangert i samband med festivalen. Med bakgrunn i vurderingane av risiko og sårbarheit vert det identifisert risikoreduserande tiltak. ROS-analysane er ein del av tryggleiksdokumentet.

### Planlegging

God planlegging aukar føresetnadane for eit trygt arrangement. All planlegging baserer seg på fire grunnprinsipp:

- **Føre var:** Vi skal kome hendingane i forkjøpet. Dette skal vi gjere ved hjelp av god planlegging og ROS-analysar.
- **Handlingsberedskap:** Gjennom systematisk merksemd på tryggleik i alle ledd, mellom anna gjennom tryggleiksdokumentet, skal alle involverte rustast opp til å handtere alle typar hendingar.
- **Robust organisasjon:** Vi skal sikre at organisasjonen skal kunne handtere alle typar hendingar. Dette skal skje ved å sikre tilstrekkeleg kapasitet i organisasjonen, etablere gode rutinar for korleis ei hending skal handterast, tydeleg informasjon om tryggleik og klar struktur organisasjonsstruktur.
- **Å vere varsam:** Dersom det er uvisse knytt til ei handling eller hending skal vi sikre at handlinga/hendinga vert forsvarleg eller ikkje gjennomføre i det heile tatt.

### Ferdsel på eige ansvar under festivalen

Alle som ferdes i fjellet er ansvarleg for eigen tryggleik, men festivalen vil sikre å ha merksemd på trygg ferdsel gjennom våre informasjonskanalar. Festivalen har satt i verk tiltak som orientering om skredvarsel for å bidra til at festivaldeltakarane tek gode informerte val på tur.

## Kommunikasjon

### Kommunikasjon med publikum

Festivalen nyttar nettsidene <http://fjellsportfestivalen.no> for informasjonsdeling. Program med opplysningar knytt til det respektive delarrangementet ligg oppdatert på nettsida. Oppdatert informasjon om tryggleikskrav for å delta på dei ulike aktivitetane vil òg vere tilgjengeleg her. Informasjon vert òg delt på Facebook og instagram.

Sekretariatet for festivalen er etablert på Quality Hotel Sogndal og i Arena Rindabotn. Opningstider, servicetelefon, e-post osv. ligg på nettsidene til festivalen.

### Intern kommunikasjon

I **planleggingsfasen** (før festivalen) skjer kommunikasjonen internt i festivalen og ut mot samarbeidspartar via møte, e-post, telefon og sosiale medium. Det er den einskilde arrangementsansvarlege som deltek i planlegginga av arrangementet, samar informasjon og dokumentasjon i denne fasen.

I **utføringsfasen** (festivalperioden) vil ein nytte dei same kommunikasjonskanalane, men viktig informasjon skal alltid vere skriftleg. Informasjon som omhandlar tryggleik skal alltid følgje ansvarslinja i organisasjonen.

For kvart arrangement skal arrangementsansvarleg vurdere om det er behov for eige samband. Dersom det ikkje er mobildekning i arrangementsområdet skal det etablerast eige samband som kan nå naudetatane.

## Frivillige og arrangementsansvarlege sitt ansvar under festivalen

Alle frivillige skal registrerast med namn, telefon- og e-postadresse. Dei frivillige skal orienterast om arbeidstilhøve, kontaktpersonar plikter og rettar. Det er arrangementsansvarlege eller områdeansvarlege sitt ansvar å formidle slik info til dei frivillige som naturleg høyrar under deira ansvarsområde.

Alle frivillige som skal arbeide under festivalen pliktar å kjenne til beredskaps- og kommunikasjonsplanen. Alle frivillige som jobbar med eit arrangement pliktar å kjenne til all aktuell tryggleiksdokumentasjon for det einskilde arrangementet.

Festivalsjef har ansvar for å gjere tryggleiksdokumentet tilgjengeleg for publisering på nett, og tilgjengeleg for utsending per e-post i forkant av festivalen. Det skal arrangerast informasjonsmøte med dei frivillige der tryggleiksansvarleg skal gå igjennom tryggleiksdokumentet og tryggleiksrutinar under festivalen.

Arrangementsansvarleg skal vurdere sitt arrangement med særleg merksemd på om ein skal rekruttere spesielle frivillige til tryggleiksoppgåver under gjennomføring av spesifikke arrangement. Dei skal òg ta spesielt omsyn til tryggleiken til dei frivillige, slik at dei ikkje vert utsett for unødig fare. Arrangementsansvarleg har ansvar for å kommunisere konkrete tryggleiksvurderingar og -tiltak til "sine" frivillige i forkant og under festivalen.

Er det særleg risiko knytt til eit einskild arrangement skal det avklarast med festivalleinga og det skal settast i verk eit tryggingarbeid for å redusere risikoen av personar med særskilt kompetanse.

### **Publikum under festivalen**

Arrangementsansvarleg skal syte for at arena og arrangementet er dimensjonert og tilpassa venta publikum.

Det skal spesielt tas omsyn til tryggleiken til publikum dersom arenaen kan vere spesielt utsett for risiko som til dømes snøskred. Ved slike arrangement skal denne risikoen takast med i risikovurderinga og sikre ei trygg gjennomføring.

### **Media under festivalen**

Fjellsportfestivalen ønskjer eit ope og godt tilhøve til presse og media. Presseansvarleg og kontaktperson for festivalen er festivalleiar **Kamilla Mariefjæren**.

Media er venta å auke ved ei eventuell hending. Da er det viktig å syte for å halde pressen godt informert. I ein krisesituasjon er det viktig at media får rett informasjon. For å sikre dette er det **berre styreleiar i Fjellspporten AS, Ida Loftesnes Kvåle, som skal uttale seg til media ved ei uønskt hending.**

## **Samarbeidsaktører**

Fjellsportfestivalen samarbeidd med ein rekkje ulike aktører. Desse aktørane har i ulik grad ein rolle i tryggleiksarbeidet i tilknytning til Fjellsportfestivalen 2023.

### **Politiet/Alarmsentralen for brann**

Politiet vil ved ei uønskt hending vere skadestadleiar.

Festivalleiinga ved festivalsjef skal i god tid varsle det lokale politikontoret i Sogndal (tlf. 02800) om arrangementet. I dialogen skal ein avklare om arrangementet er av ein slik karakter at det er meldeplikt etter politilova eller kommunale politivedtekter. Ein skal avklare om det er naudsynt med eigen søknad eller om melding er tilstrekkeleg. Vidare må det drøftast om det er trong for bistand, beredskap, spesielle ordenstiltak, osb. Lokal lensmann er kontaktperson for festivalleiinga.

Likeins skal Alarmsentralen for brann i Florø (tlf. 57 75 14 00) varslast om arrangementet slik at sentralen er kjent med arrangementet og organisasjonen. Ansvarleg for kontakt er festivalsjef.

### **Kommunane**

Festivalen skjer i hovudsak i Sogndal kommune, medan nokon aktivitetar vert arrangert i Luster kommune.

Planlegginga av arrangementet skal skje i samråd med Sogndal kommune for å sikre at ein følgjer eventuelle retningslinjer kommunen har for denne type arrangement t.d. behov for å søke om løyve for nokon av arrangementa. Festivalsjef har ansvar for at dette vert gjort.

### **Grunneigarar**

Det følgjer av lovar om eigedomsretten at det skal hentast inn løyve hjå aktuelle grunneigarar dersom det skal avviklast eit arrangement på annan manns grunn. Arrangementsansvarleg skal melde til festivalleiinga dersom dette er ei aktuell problemstilling som må avklarast i forbindelse med sitt arrangement.

### **Røde Kors**

Røde Kors vert engasjert til å bidra til å syte for tryggleiken under utvalde arrangement under festivalen. Det er innleia eit lokalt samarbeid med Sogndal Røde Kors (SRKH) for bistand under festivalen.

Tryggleiksansvarleg har ansvar for å orientere SRKH om reglar for arrangement, krav og rutinar i dette dokumentet. SRKH er underlagt festivalleiinga, dvs. festivalleiar og den einskilde arrangementsansvarleg på kvart delarrangement.

Kontaktpersonar hjå SRKH er Vegard Orrestad, [vegar.orrestad@rodekors.no](mailto:vegar.orrestad@rodekors.no), tlf. 478 28 084.

Røde Kors vil vere til stade med personell på følgjande arrangement:

- Dampskipkaia døds challenge (onsdag)
- Duell utfor (torsdag)
- JIBBEkonkuranse (torsdag)
- Lengdehopp (torsdag)
- Rabagast Open (fredag)
- Kajakkutfor (fredag)
- Rinda race (fredag)
- Rakkar Open (laurdag)
- Pond skim (laurdag)
- Afterski (fredag og laurdag)

### **Sogndal Skisenter AS**

Sogndal Skisenter AS er ein viktig samarbeidspartnar for festivalen. Det er gjort ein eigen avtale med skisenter som regulerer aktivitetar og bruk i heile festivalperioden. Skisenteret er sjølv ansvarleg for å gjennomføre alle naudsynte tiltak knytt til all aktivitet/alle arrangement i anlegget under festivalen. Ansvarleg for Arena Rindabotn har ansvar for å orientere skisenteret om tryggleikstiltak som vert gjennomført knytt til arrangement i regi av Fjellsportfestivalen i skisenteret.

Skisenteret har ein eigen skipatrolje som vil vere til stades i trekket i vinterferien. Dei som deltek i skipatroljen har teke førstehjelpkurs, og har tilgang til det mest naudsynte utstyret innan førstehjelp.

Kontaktperson hjå Sogndal Skisenter AS er Tor Yttri, [toryttri@gmail.com](mailto:toryttri@gmail.com), tlf. 909 99 350.

### **Dalalåven AS**

Kafeen vil vere open på dagtid, og mellom kl. 15.30 til 18.30 fredag og laurdag vil det vere afterski.

Kontaktperson hjå Dalalåven AS er Yngve Hållen, [yh@evospor.no](mailto:yh@evospor.no), tlf. 901 16 005

### **Statens Vegvesen**

Statens Vegvesen (SVV) har sektoransvar for veg og vegtrafikk. Det skal opprettast ein dialog med SVV. Dette skal vere for å gjere ein vurdering av evt. aktuelle løyver og sikringstiltak under festivalen. Aktuelle løyver kan til dømes vere knytt til skiltplanen og regulering av parkering (jf. skiltforskrifta kap. 14, vegtrafikklova § 7).



Festivalsjef har ansvar for dialogen med Sogn vegteneste AS som har ansvar for dei formelle søknadane opp mot SVV.

### **Quality Hotell Sogndal**

Quality Hotell Sogndal har mange funksjonar under Fjellsportfestivalen 2023. Hotellet er "festivalhotell", senter for sekretariat, fjellsportkveldane mv. Det er gjort ein avtale med hotellet som regulerer aktivitetar og bruk av hotellet i heile festivalperioden. Hotellet er ansvarleg for alle naudsynte tiltak til all aktivitet og arrangement under festivalen.

Hotellet følgjer brannplan, skjenkelovverk og alle andre rammeverk som er naudsynt for å gjennomføre dei ulike arrangementa på ein forsvarleg måte.

Festivalen vil stille med dedikert personell til å bistå hotellet sine vakter med til dømes å halde naudutgangar opne og ved ein eventuell evakuering. I tillegg er festivalens personell ansvarleg for å regulere inngang til arrangementet. Desse skal få generell brannopplæring av hotellet.

Kontaktperson hjå hotellet er Ine Skjerven, [ine.skjerven@choice.no](mailto:ine.skjerven@choice.no), tlf. 57 62 77 14.

## Beredskapsplan Fjellsportfestivalen 2023

Viss ei større hending inntreffer under festivalen er det viktig å varsle aktuelle naudetatar og gi dei all relevant informasjon. Fjellsportfestivalen sin rolle vil ved ei slik hending vere å bistå naudetatane på ein best mogleg måte. Ved ei hending vil det kunne ta tid før profesjonelle aktørar når ulykkesstaden og det er difor eit behov for å planleggje for korleis ein slik hending skal handterast. Ved ei hending vil det òg vere behov for ein plan for kriseinformasjon.

Ved ei større ulykke er det **politiet** som leiar innsatsen på skadestaden. Brannsjef er skadestadleiar til politiet kjem.

### Kriseorganisasjonen

Styret i Sogndal Fjellsport AS fungerer saman med dagleg leiar/festivalsjef og tryggleiksansvarleg som kriseorganisasjonen. Det er styreleiar Ida Loftesnes Kvåle som leiar kriseorganisasjonen. Kriseorganisasjonen trer saman straks ved ein alvorleg hending eller på innkalling frå dagleg styreleiar eller festivalsjef. Tryggleiksrådgjevar støtter opp om krisehandteringa.

Stilling	Namn	Mobil
Styreleiar Sogndal Fjellsport AS	Ida Loftesnes Kvåle	952 92 759
Festivalsjef	Kamilla Marefjæren	975 79 237
Tryggleiksrådgjevar	Mari Severinsen	917 76 679

Ved ei hending samlast kriseorganisasjonen på Sogndal Quality hotell. Viss det ikkje er mogleg å samle kriseorganisasjonen på hotellet, skal kriseleiinga samlast på Kunnskapssenteret på campus.

Kriseleiinga skal loggføre handteringa ved uønskte hending, og evaluere handteringa i etterkant.

Arrangementsansvarleg fungerer som leiar på skadestaden til politiet eller brannvesen kjem til skadestaden. Arrangementsansvarleg er òg ansvarleg for å syte for at kriseleiinga vert informert om situasjonen.

### Samarbeid med beredskapsaktørar (naudetatar, kommune, Røde Kors osv.)

Festivalens frivillige skal bistå beredskapsaktørar ved behov. Ved ei hending skal meldar alltid ringe aktuell naudetat før vedkommande tek kontakt med Festivalsjef.

### Krisekommunikasjon

Ved ei hending skal ingen frivillige uttale seg til pressa. All informasjon til presse og media ved ei uønskt hending skal gå gjennom styreleiar i Sogndal Fjellsport AS.

Det er berre politiet som skal gå ut med informasjon om tal skadde eller døde. Politiet er òg ansvarleg for all kontakt med pårørande.

Kriseleiinga er ansvarleg for få ut informasjon til frivillige og festivalens deltakarar ved ei eventuell hending. Informasjonen skal delast via heimeside og sekretariat. Ut i frå kva slags hending det er må kriseleiinga vurdere om dei ønskjer å dele informasjon via festivalens brukar på facebook, instagram og snapchat.

Ved ei større hending må kriseorganisasjonen vurdere om det er nødvendig å kalle inn festivalens frivillige og deltakarar til eit informasjonsmøte/informere om hendinga på Fjellsportkvelden.

Sekretariatet er ansvarleg for å informere frivillige og festivaldeltakarar jamfør budskapet formidla av kriseorganisasjonen.

→ Viss sekretariatet ikkje har motteke eit budskap skal dei ikkje uttale seg! Dei må da oppsøke kriseorganisasjonen for å få tilstrekkeleg med informasjon.

Arrangementsansvarleg på skadestaden er ansvarleg for å gi informasjon til:

1. Ringe naudetatar - **Naudetatane skal ALLTID kontaktast først!**
2. Festivalsjef – gi informasjon om situasjonen
3. Frivillige på skadestaden – gi informasjon om kva dei skal gjere
4. Publikum – informere om at kriseberedskapsplanen er satt i verk

## Transport

Festivalen har fleire bilar som vert disponert under festivalen, i tillegg til avtaler med busselskap. Ved ei eventuell hending kan desse verte omdisponert.

## Oppfølging av festivaldeltakarar og frivillige

Kommunen og naudetatane er ansvarleg for å syte for at alle som har opplevd ei hending eller pårørande vert teke hand om. Fjellsportfestivalen skal bidra med å leggje til rette for dei andre aktørane innsats.

Fjellsportfestivalen vil framleis ha eit ansvar for å syte for at festivalens frivillige og deltakarar vert teke hand om. Kriseorganisasjonen må ved ei kvar hending vurdere om det er naudsynt å setje i verk egne tiltak. Som til dømes:

1. Informasjon ut til festivalens frivillige og deltakarar
2. Etablering av samlingsplass for festivaldeltakarar. Dette bør koordinerast med kommunen.

## Varslingsplan Fjellsportfestivalen 2023



## Varslings- og ressurslister

### Fjellsportfestivalen intern varslingsliste

Ansvarsområde	Namn	Telefon	E-post
Festivalsjef	Kamilla Marifjæren	975 79 347	<a href="mailto:daglegleiar@fjellsportfestivalen.no">daglegleiar@fjellsportfestivalen.no</a>
Tryggleiksrådgjevar	Mari Severinsen	917 16 679	<a href="mailto:mari-severinsen@hotmail.com">mari-severinsen@hotmail.com</a>
Styreleiar	Ida Loftesnes Kvåle	952 92 759	<a href="mailto:idalokv@gmail.com">idalokv@gmail.com</a>
Marknadsføring og kom.	Camilla Bondevik	913 48 554	<a href="mailto:camilla_lerum7@hotmail.com">camilla_lerum7@hotmail.com</a>
Frivilligsjef	Lea Myklebust	936 50 166	<a href="mailto:lea@kpvest.no">lea@kpvest.no</a>
Arena Rindabotn	Solveig Haugland	472 66 929	<a href="mailto:solveig.haugland@outlook.com">solveig.haugland@outlook.com</a>
Arena Hotellet	Ellen Sophie Wangensteen	456 00 919	<a href="mailto:ellensophie_w@icloud.com">ellensophie_w@icloud.com</a>
Administrasjonssjef	Guro Kjølseth	452 53 772	<a href="mailto:guro.kjolseth@gmail.com">guro.kjolseth@gmail.com</a>
Administrasjonssjef	Synne Jonassen	414 16 815	<a href="mailto:synne.jonassen@gmail.com">synne.jonassen@gmail.com</a>
Program og bookingsjef	Ella Dammann Anker	926 88 642	<a href="mailto:ella@kpvest.no">ella@kpvest.no</a>
Nettsidesjef	Marte Husabø		<a href="mailto:martehusabo@gmail.com">martehusabo@gmail.com</a>
Fjellsportkveld, Produsent	Peder Flugstad Rygg	469 29 273	<a href="mailto:leiar@lurkarlaget.no">leiar@lurkarlaget.no</a>
Fjellsportkveld, Produsent	Kyrre Fitje	948 88 477	<a href="mailto:kyrre.fitje@gmail.com">kyrre.fitje@gmail.com</a>
Teknisk sjef			
Teknisk (innleid)	Øyre Lyd (Trond Øyre)	907 24 593	<a href="mailto:trond@oyrelyd.no">trond@oyrelyd.no</a>
Fjellsportkveld, Konferansier	Halvor Larsen	958 70 885	<a href="mailto:halvor_fitjar@hotmail.com">halvor_fitjar@hotmail.com</a>
Ansvarlig for Basar	Torbjørn Selseng	950 79 889	<a href="mailto:torbsels@gmail.com">torbsels@gmail.com</a>
Fjellsport Quiz	Hallvard Bjørge	994 38 833	<a href="mailto:hallvard89@live.no">hallvard89@live.no</a>
Media, film (innleid)	Torjus Havnerås Sagenes	902 91 300	<a href="mailto:torjus.sagenes98@gmail.com">torjus.sagenes98@gmail.com</a>
Film	Rasmus		
Drone-filmar	Paul	981 30 845	
Scene- og speakeransvarlig Rindabotn	Halvor Larsen	958 70 885	<a href="mailto:halvor_fitjar@hotmail.com">halvor_fitjar@hotmail.com</a>
Opp- og ned rigg	Ole-Petter Storeide	917 04 138	<a href="mailto:ole_petter11@hotmail.com">ole_petter11@hotmail.com</a>
Rindabotn (ikkje ansvarlig, potet)	Vegard Hoflundsengen	469 28 823	
Sponsoransvarlig	Tobias Hellstrøm		
Parkeringsansvarlig	Torinn Håkstad	904 17 600	<a href="mailto:torinnh@gmail.com">torinnh@gmail.com</a>
Gledespatruljen	Alberte Sofie Petersen	(+45) 61662440	<a href="mailto:albertesfp@gmail.com">albertesfp@gmail.com</a>
Barnas Fjellsportfestival	Maiken Gilen Tafjord	908 09 502	<a href="mailto:Maigiltaf@gmail.com">Maigiltaf@gmail.com</a>

Sjåfør	Ole Kristian Vikheim	404 08 886	
Sjåfør	Tor Kåre Fardal	904 16 051	
Sjåfør	Åsmund G	908 20 625	

Kontaktinformasjon til arrangementsansvarleg ligg i ROS-analysen for det einskilde arrangementet.

#### Eksterne samarbeidsaktørar

Aktør	Namn	Mobil	E-post
Sogn Brann og redning	Overordna vakt	482 96 929	
Røde Kors	Vegard Orrestad	478 28 084	<a href="mailto:vegar.orrestad@rodekors.no">vegar.orrestad@rodekors.no</a>
SGN	Bård Basberg	911 42 685	<a href="mailto:bard@sgnskis.com">bard@sgnskis.com</a>
Sogndal skisenter	Tor Yttri		<a href="mailto:tor@brattmoro.no">tor@brattmoro.no</a>
Sogndal skisenter driftsleiar	Kim Andre Navarsete	476 02 395	<a href="mailto:kim@hodlekve.no">kim@hodlekve.no</a>
Dalalåven	Yngve Hållen	901 16 005	<a href="mailto:yh@evospor.no">yh@evospor.no</a>
Quality Hotell	Ine Skjerven	57 62 77 14 / 909 10 382	<a href="mailto:ine.skjerven@choice.no">ine.skjerven@choice.no</a>
Fjellaktiv	Gjermund Nordskar	911 46 724	<a href="mailto:gjermundnordskar@gmail.com">gjermundnordskar@gmail.com</a>
SGN	Bård Basberg	911 42 685	<a href="mailto:bard@sgnskis.com">bard@sgnskis.com</a>

#### Styret i Sogndal FjellSport AS

Namn	Rolle	Mobil
Ida Loftesnes Kvåle	Styreleiar	952 92 759
Camilla Lerum Bondevik	Nestleiar	913 48 554
Martin Hammer	Styremedlem	980 11 626
Tor Yttri	Styremedlem	909 99 350
Gjermund Nordskar	Styremedlem	911 46 742
Andrea Fardal Opseth	Styremedlem	415 04 511
Reidar Dvergedal	Observatør	926 95 718

#### Naudnummer

Etat	Nødnummer	Generelt tlf.
Brann	110	57 75 14 00 (Alarmsentral Florø)
Politi	112	02 800
Ambulanse	113	116 117 (Legevakt)

## Risiko- og sårbarheitsanalyse

Fjellsportfestivalen er ein festival som har hovudaktivitetar knytt til ferdsel, leik, moro og uhøgtidleg konkurranse i bratt vinterterreng. Det er knytt ein risiko til slike arrangement, og det krev difor eit tryggleiksarbeid for å redusere faren for uønskte hendingar.

Målsettinga for festivalen er at alle aktivitetar som skjer i samband med festivalen skal skje innanfor så trygge rammer som mogleg. Dette har styret i Sogndal Fjellsport AS definert som at målet er at ingen skal verte skadd, men at akseptabelt risikonivå er fastlagt til ingen alvorlege personskadar. Desse kriteria legg føringar for alle vurderingane som vert gjort i høve å gjennomføre eit trygt arrangement. ROS-analysen er med på å kartlegge farar og sårbarheit knytt til festivalen.

### Akseptkriterier

Alle kartlagde uønskte hendingar i analysen vert kategorisert etter kor stor konsekvensar kan ei hending få og kva sannsynet er for at hendinga vil inntreffe.

#### Konsekvens

Stor = person får alvorlege skader som gjer at det er behov for behandling på sjukehus som til dømes hovudskader og alvorlege brotskader

Middels = person får skader som gjer at det er behov for enklare behandling på sjukehus som mindre alvorlege brotskadar og blautvevsskadar

Liten = person får lette skader og som treng oppfølging av helsepersonell på skadestaden eller legevakt

#### Sannsyn

Svært sannsynleg = årleg på festivalen

Sannsynleg = ein gong per 10. festival

Lite sannsynleg = sjeldnare enn kvar 10. festival

Ved vurdering av risikoen knytt til hendinga er det ei vurdering av kor stor konsekvens den uønskte hendinga kan ha og kor sannsynleg det er at den inntreffer. **Konsekvens x Sannsyn = Risiko**

### Risikomatrise

Svært sannsynleg			
Sannsynleg			
Lite sannsynleg			
	Liten konsekvens	Middel konsekvens	Stor konsekvens

	Stor faregrad	Krav om gjennomføring av risikoreduserandetiltak
	Moderat faregrad	Risikoreduserandetiltak må vurderast
	Lav faregrad	Akseptabel risiko utan spesielle tiltak

For å auke tryggleiken mest mogleg, uansett risikograd, bør alle avdekte tiltak gjennomførast viss det er mogleg for å redusere risikoen.

## Arrangement på hotellet (foredrag, Fjellsportkveld, konsert, fest osv.)

**Arrangementsansvarleg:** Ellen Sophie Wangensteen

**Telefonnummer:** 456 00 919

**E-post:** [ellen.sophie.wangensteen@choice.no](mailto:ellen.sophie.wangensteen@choice.no)

**Kort skildring av planlagt aktivitet:** Ulike arrangement på hotellet på ettermiddag og kveldstid. Konferansesalane blir brukt til føredrag, fjellsportkveld, konsertar og ølsmaking. Keiserinnen (området rundt baren) blir brukt til basar, konsert og fest. På fredag og laurdag blir SOHO nytta til fest med DJ. I tillegg vil det under heile festivalen vere ein del stands i lobbyområdet.

Hotellet har overordna ansvar for tryggleiken på arrangementa. Fjellsportfestivalen sine frivillige vil hjelpe hotellet med kontroll av inngangar og kontroll av naudutgangar. Fjellsportfestivalen må ha nok frivillige på kvart arrangement for å hindre at uvedkommande kjem inn. Hotellet sine vakter skal sikre at det ikkje vert for mange inne i hotellets lokalar.

Hotellansvarleg har det øvste ansvaret for samarbeidet mellom festivalen og hotellet.

**Kvar skal aktiviteten utførast:** Quality Hotell Sogndal

**Krav til deltakarar:** Ingen

Moglege uønskete hendingar	Årsak	Konsekvens	Sannsyn	Risikoreduserande-tiltak	Aktør ansvarleg for gjennomføring av tiltak
Brannskade	Brann kan utløysast som følgje av teknisk feil, påtenning eller menneskeleg svikt.	Stor konsekvens	Lite sannsynleg	Hotellet har laga ein evakueringsplan for hotellet. Hotellet skal ha vakter på jobb som kan denne.  Frivillige som jobbar på hotellet under festivalen får brannopplæring og opplæring i evakueringsplanen. Festivalen sine «vertar» skal syte for at naudutgangane opne og bistå personellet på hotellet ved ei eventuell brannalarm.	Hotellet har det overordna ansvaret for branntryggleiken på hotellet.  Hotellansvarleg
Personskade	Fall frå scene  Trenghet  Overdriven alkoholkonsum  Vold/ slagsmål	Middels konsekvens	Sannsynleg	Tett dialog med hotellet i planleggingsfasen der tryggleiksdokumentet med festivalen sine overordna mål knytt til tryggleik skal formidlast.	Hotellansvarleg  Hotellet



				<p>Hotellet har gjort ein eigen risikovurdering for festivalen og stiller med naudsynt vakthold i samsvar med erfaring frå festivalar tidlegare år.</p> <p>Fjellsportfestivalen stiller med egne «vertar» i tillegg til hotellet sine vakter jf. skildringa over.</p>	Hotellansvarleg
Glassmonter i buffeten som knuser	<p>Personer som lener seg</p> <p>Knuffing/ slagsmål</p>	<p>Liten konsekvens</p> <p>(Kan bli store materielle skader)</p>	Lite sannsynleg	Vurdere om det er behov for å sikre dørene.	Hotellet

## Dampskipkaia døds challenge

**Arrangementsansvarleg:** Kristian Fredrik Thomassen

**Telefonnummer:** 941 63 879

**E-post:** sjospretten@gmail.com

**Kort skildring av planlagt aktivitet:** Det vert legd inn ein lift som deltakarane hoppar frå ned i fjorden frå brygga ved dampskipkaia.

Det vil vere dykkarar i/på vatnet under heile konkurransen. Det vil vere personar med førstehjelpskompetanse på land, i tillegg til at det er kort utrykkingstid for ambulanse/legevakslege ved behov. Alle konkurrenten vil få tryggleiksinformasjon knytt til gjennomføring av konkurransen før start.

**Kvar skal aktiviteten utførast:** Dampskipkaia i Sogndal sentrum.

**Krav til deltakarar:** Gode svømmeferdigheit og generell god fysisk form. Skal signere eigenerklæring og bruke våtdrakt.

Moglege uønskete hendingar	Årsak	Konsekvens	Sannsyn	Risikoreduserande-tiltak	Aktør ansvarleg for gjennomføring av tiltak
Kuldesjokk i fjorden	For lite kler.  Dårleg blodsirkulasjon	Høg konsekvens	Sannsynleg	Redningsmann klar til å bistå ved behov.	Sjøspretten
Kulde på land	Dårleg blodsirkulasjon.	Liten konsekvens	Svært sannsynleg	Høve for varme inne på Dampskipkaien.  Deltakarane må ha med ekstra varme klede.	Sjøspretten
Kollisjonsskade under hopp	Deltakar treffer gjenstand i vatnet under hopp.	Høg konsekvens	Lite sannsynleg	Det blir gitt klarsignal fra dykker til hoppansvarlig som sender personer ut i vannet.  Redningsmann klar til å bistå ved behov.	Sjøspretten
Kollisjonsskade i vassoverflata	Deltakaren bryt vassoverflata på ein lite gunstig måte.	Middels konsekvens	Sannsynleg	Redningsmann klar til å bistå ved behov.	Sjøspretten
Kollisjonsskade med botn av vatnet	Deltakar klarer ikkje å bremse hoppet og treffer botn.	Låg konsekvens	Sannsynleg	Redningsmann klar til å bistå ved behov.  Sikre at det er tilstrekkeleg djupt der ein planlegg å	Sjøspretten

				gjennomføre konkurransen.	
--	--	--	--	---------------------------	--

## Arena Rindabotn

**Arrangementsansvarleg:** Solveig Haugland

**Telefonnummer:** 47 26 69 29

**E-post:** [solveig.haugland@gmail.com](mailto:solveig.haugland@gmail.com)

**Kort skildring av planlagt aktivitet:** Rindabotn er arena for aktivitetar på dagtid. Her er det konkurransar, mat, underholdning og ski- og utstyrsleverandørar som stiller med demoutstyr. Barnas Fjellsportfestival vil arrangera aktivitetar for barn. Det vil òg bli arrangert afterski på Dalaloven fredag og laurdag.

Det vil i tillegg bli arrangert fleire aktivitetar i tilknytning til arenaen. Desse arrangementa vil vere ansvarleg for tryggleiken kring sine konkurransar (sjå eigne ROS-analyser).

Sogndal skisenter er ansvarleg for den normale ferdselen i skianlegget.

**Kvar skal aktiviteten utførast:** Rindabotn, Sogndal skisenter

**Krav til deltakarar:** Ingen

Moglege uønskete hendingar	Årsak	Konsekvens	Sannsyn	Risikoreduserande-tiltak	Aktør ansvarleg for gjennomføring av tiltak
Brannskade	Nærkontakt med bål, gnist frå bål.  Uhell med gassbrennar i sponsorområdet  Nærkontakt med grill og bål.	Middels konsekvens	Sannsynleg	Bålplasseringa vert plassert med god tryggleiksavstand frå publikumsområde og eit området der terrenget er stabilt slik at folk ikkje kan snuble og falle mot bålet  Det skal vere brannslukkingsapparat i nærleiken av arenaen. Alle på jobb samt frivillige området skal vite kvar det står.  Gassbrennar skal berre nyttast av personell med kjennskap til apparatet. Gassen skal bli skru heilt av etter bruk kvar dag	Ansvarleg i Rindabotn
Uhell under rigging av området	Utstyr som fell ned under rigging av området	Middels konsekvens	Sannsynleg	God planlegging av rigging og rekkjefølgje på rigginga.  Nyttar i hovudsak personar med liknande erfaring frå tidlegare.	Ansvarleg i Rindabotn

Uhell i Arena Rindabotn under festivalen	Utstyr som er sett opp fell ned	Middels konsekvens	Lite sannsynleg	God planlegging av plassering av tungt utstyr og utstyr som kan forårsake skade.  Det skal gjerast ein kontroll av ansvarleg i Rindabotn på at alt er forsvarleg sikra.	Ansvarleg i Rindabotn
Barn som fell eller kollisjon mellom barn i bakken under arrangement	Barn med lite erfaring / dårleg koordinerings- evne.	Liten konsekvens	Svært sannsynleg	Holde auge med barn som deltek i eventuelle arrangement slik at ein kan hjelpe dei ved fall/kollisjon.  Oppmode alle til å gå med hjelm.	Ansvarleg for gjennomføring av barneaktivitet
Uhell i målområde	Born som køyrer under sperreband.  Skikøyrarar som mister kontrollen før eller etter landing.  Publikum sit for nærme løypa.	Middels konsekvens	Lite sannsynleg	God merking av traseen, helst to band i høgda for å hindre at born kjem under bandet.  God merking inn mot målområde.  Frivillig i toppen av målområde med godt utsyn, samt frivillig i landingsområde.  Sperreband mellom publikumsområde og trase.	Ansvarleg i Rindabotn
Uhell på parkerings- plassen	Bilar som sklir.  Uoversiktlege situasjonar på parkeringsplass eller i innkøyring	Middels konsekvens	Lite sannsynleg	Parkeringsvakter er godt informert og korleis jobben skal gjerast.  Sikre at områda er forsvarleg brøyt og eventuelt strødd.	Parkerings- ansvarleg

## Barnas fjellsportfestival

**Arrangementsansvarleg:** Maiken Gilen Tafjord / Marie Nesbakken Sande / Wilma Norenberg Johansen

**Telefonnummer:** 908 09 502/938 13 622/ 412 64 648

**E-post:** maigiltaf@gmail.com/ marie.n.sande@gmail.com / [wilmanjohansen@gmail.com](mailto:wilmanjohansen@gmail.com)

**Kort skildring av planlagt aktivitet:** Ulike aktivitetar for barna fordelt på dei ulike dagane. Aktivitetar slik som skileik, barnaskleik, skikurs, hoppekonkurranse, skattejakt. Det vil bli arrangert nokon aktivitetar med premie, men med ein leikende tilnærming der alle er vinnarar (Skattejakt og hoppkonkurranse). Det skal vere merksemd på skiglede og leik for dei minste, og kanskje dem lærer noko nytt òg.

